

Boka vi skal lese eit
utdrag frå, heiter

Plasticus maritimus

ALT OM PLAST I HAVET av Ana Pêgo, Bernardo P. Carvalho og Isabel Minhós Martins.




Før vi les

Vi studerer bokframsida

To og to saman:

- 1) Kva heiter boka vi skal lese?
- 2) Beskriv bokframsida for kvarandre. Kva slags ulike element er ho sett saman av?
- 3) Fonten eller skrifttypen spelar ofte ei rolle på bokframsider. Korleis vil du skildre fonten på denne bokframsida? Kva er han meint å illustrere, trur du?
- 4) Kva trur du tittelen på boka betyr?
- 5) Kva for eit språk er tittelen skriven på?



Før vi les

Vi studerer bokframsida

To og to saman:


6) Søk opp tittelen på Internett og forsøk å finne ut kva han betyr.

7) Kvifor valde Ana Pêgo å gje platen eit latinsk namn, og kva ønskte ho å oppnå med det?


8) Beskriv kva teikninga på bokframsida viser.

9) Kven trur dokker personen nede til høgre er?

10) Kva slags rolle speler fargane på bokomslaget?



Før vi les




Då ho var lita, hadde biologen Ana Pêgo stranda som leikeplass. Ho gjekk turar, kika på det yrande livet i fjøra og samla fossil. Alt dette var så spennande at ho bestemte seg for å bli biolog for å studere det fargerike dyrelivet nærare. Men etter kvart såg Ana meir og meir av noko som likna på ein ny, mangfaldig dyreart: plast. Ho begynte å samle på plast frå havet, og gav den nye arten eit namn: Plasticus maritimus.

Biletet til høgre viser forfattaren Ana Pêgo.




Før vi les



Samtal to og to

- 1) Har du nokon gong opplevd å finne plast i strandsona? Kva slags plast då?
- 2) Har du opplevd å finne plast og søppel andre stadar?
- 3) Veit du om ting/gjenstandar laga av plast, som ofte dukkar opp i strandsona?
- 4) Kvar finn du oftast plast og søppel i nærområdet ditt?

Medan vi les




Sidan teksten vi skal lese, er ein faktatekst, kan det vere lurt å skrive ned nøkkelord og stikkord undervegs. Teksten inneheld også bilete, så følg med på teksten framme på lystavla. Læraren din kjem til å leggje inn fleire lesestopp, slik at du får tid til å skrive ned nøkkelord eller stikkord frå teksten undervegs i lesinga.

Finn fram blyant og papir og spiss øyra!

Vi les tekstutdraget høgt i klassa.



Etter vi har lese



To og to saman


- 1) Ta utgangspunkt i nøkkelorda/stikkorda du har notert, og samtalar om kva tekstutdraget handlar om.
- 2) Kva nøkkelord eller stikkord meiner du er mest sentrale i teksten?
- 3) Har du funne ulike stikkord til dei same delane av teksten?
- 4) Kva nøkkelord har både du og sidemannen skrivne?
- 5) Er det noko du vil endre eller leggje til i notata dine etter å ha samanlikna med sidemannen?
- 6) Kva visste du frå før av det som vart opplese? Kva var ny informasjon for deg?

Ha ein felles klasseromssamtale om kva tekstutdraget handlar om.

Vi studerer illustrasjonane

To og to saman

Faktaboka om plast i havet inneheld ei rekkje teikningar og illustrasjonar.



1) Kva gjer teikningane og illustrasjonane med leseopplevinga di?

2) Likar du å lese bøker med slike illustrasjonar? Kvifor / kvifor ikkje?


3) Studer dei ulike sidene i bokutdraget. Kva slags illustrasjonar likte du best? Kvifor?

Lag faktaplakat!

Skriveoppdrag 1

Dokker skal no lage ei fargerik og appellerande faktaplakat-utstilling som handlar om plast i havet, i klassa. Faktakjelda dokker skal bruke, er tekstutdraget dokker nettopp har lese.



Før dokker startar på arbeidet, skal klassa avgjere kva dei fem ulike faktaplakatane skal handle om.



Faktaplakaten må:


- formidle fakta om plast i havet på ein lettfatteleg måte
- innehalde teikningar som illustrerer teksten
- vere tilpassa andre sjuandeklassingar som målgruppe
- opplyse om faktakjelda

Ver kreative, og prøv å lage inspirerande faktaplakatar som andre elevar har lyst til å lese!



Inviter til plakatutstilling!

Tips: Inviter ei anna sjuandeklasse eller sjetteklasser til plakatutstillinga. Presenter faktaplakatane for dei. Ta bilete av plakatane og ha i heimeoppdrag å presentere plakaten du har arbeidd med, for foreldra dine.






Kreativ utfordring

Kreativ oppgave

Reklamebyrået Friskus har lyst ut ein konkurranse til alle skuleelevar om å lage ein haldningskampanje om plast i havet. Målet er å få fleire til gjere gode val i kvardagen, slik at havet held seg friskt.

Gå saman to og to, og planlegg ein haldningskampanje som kan vekkje merksemd hjå både barn og unge. Bruk informasjonen i tekstutdraget vi har lese, til å vinkle haldningskampanjen.





Kreativ utfordring

Skissa til haldningskampanjen må innehalde

- ein tydeleg hovudbodskap
- kva slags fakta om plast i havet dokker vil ha med
- korleis dokker vil formidle bodskapen (film, informasjonsplakat, digital presentasjon)
- ein plan for korleis dokker vil nå ut til målgruppa (sosiale medium, Internett, skulebesøk, osv.).

Lag ei skisse over haldningskampanjen, og presenter planen for resten av klassa. Kva slags gruppe vinn oppdraget, trur dokker?





Næringskjeda

Skriveoppdrag 2

På side 24 og 25 i tekstutdraget står det skrive om næringskjeda i havet, og kor viktig det er at planteplanktonet i havet held seg friskt.

Gå saman i grupper og lag ein presentasjon over næringskjeda i havet og korleis mikroplast kan påverke livet på jorda. Bruk enkle stikkord og faktasetningar, og legg vekt på å finne gode illustrasjonar som understrekar teksten dokker skriv. Søk på Internett og finn ut kvar plastpartiklane i havet kjem frå. Ta med relevante fakta om emnet, og inkluder dei på plakaten



Næringskjeda

Skriveoppdrag 2

Heilt til slutt skal dokker kome med tips til kva den enkelte av oss kan gjere for å forhindre at mikroplasten spreier seg i havet.

Hugs å føre opp kjelda dokker har brukt som grunnlag for presentasjonen.

Førebudokker munnleg, og legg fram presentasjonane for resten av klassa.

